

# KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for kyrkjelydane i Vinje

Nr. 84 Påska 2023



Opp til Jerusalem...

## Bak lukkede dører

Av frykt lukker vi dører, hjerter og grenser.  
Vi kan lukke andre inne - sette dem i fengsel  
av frykt for at de ikke skal gjøre mer skade på  
oss eller andre - enn det de allerede har gjort.

Vi kan lukke andre ute - dem vi ikke vil ha noe  
med å gjøre. Dem vi ikke vil ha i livet vårt.  
Disiplene fryktet dem som hadde henrettet  
Jesus. Derfor holdt de seg bak lukkede dører.  
De fryktet for livet sitt.

Alle steder hvor det er mennesker, lukkes det  
dører for noen. Det være seg i familien, i  
nabolaget eller på verdensplan.  
Om man lukker andre ute - eller seg selv inne -  
betyr det at man frykter at andre skal ta  
makten i livet.

Der frykten hersker, hersker også døden -  
åndelig død eller fysisk død.  
Ingen lever et fritt menneskeliv ved å bli  
lukket ute av andre. Og ingen lever et fritt  
menneskeliv ved å lukke andre ute og seg selv  
inne.

Vi lukker av frykt for eget liv. Men frykten gjør  
at vi lukker vårt eget liv for livet. Vi skjerner  
oss bak lukkede dører.

Disiplene holdt seg inne bak lukkede dører av  
frykt. Og mens dørene var lukket kom Jesus  
oppstått fra de døde og sa:

«*Fred være med dere*».

Som lyset, som skinner i mørket, trådte han  
inn i deres mørke og deres frykt, og de ble fylt  
med glede.

Hadde vi bare vært som Thomas – han som  
tvilte. Han som satte spørsmålstege ved det  
han i sin villeste fantasi ikke hadde kunnet  
forestille seg.

Thomas tvilte. Han hadde en liten åpning i sitt  
lukkede rom, en liten tvilens åpning. Han  
kunne jo ta feil...

Å tvile er å holde døren på klem for ham vi  
ikke kan komme utenom.

Vi kan vende ham ryggen, men ingenting kan  
stanse ham.

Døden kunne ikke holde ham fast i mørket.  
Kjærligheten hans var sterkere enn døden.  
Jesus beholdt ikke kjærligheten for seg selv,  
men kom tilbake fra dødens lukkede rom for  
å være det evige lys som driver frykten og  
tvilen ut.

Og ikke nok med at han sprengte det lukkede  
rom - han sendte også disiplene ut av  
rommet. Ut til livet som alltid er usikkert.  
Det farefulle livet hvor man risikerer å bli  
såret og sviktet.

Disiplene skulle gå ut og bryte ned grensene  
mellan mennesker med hans kjærlighet. De  
skulle lukke opp dører, gå inn til syke, til dem  
som var grepel av frykt, til de utstøtte – til  
dem som ingen har plass til.

Han som trosset og overvant frykt og død,  
han ville være med dem - på samme måte  
som han vil være med oss. Han går med oss  
ned i fryktens dyp, i mørkets og dødens dyp –  
for at vi ikke skal ha noe å frykte for i denne  
verden.

Han kommer til oss når vi tviler, tar oss i  
hånden og lar sitt liv sprengte vårt lukkede  
rom – slik at vi kan puste fritt.



*Påsketankane denne gongen*  
er skrivne av Tone Anne  
Hvalen.  
Ho er vikarprest i påvente av  
at den nye soknepresten tek  
til i stillinga si i midten av  
juni.  
Tone Anne har tidlegare  
vore sokneprest på Rjukan.

Foto: Gerd D. Svalastog

## "Kva vil du eg skal gjere for deg?"

### Når mangfold møter mangfold

Noreg har aldri vore ein einskapskultur, sjølv om det opp gjennom tida har vore gjort skremmende forsøk på å få det til. I følgje norske oppslagsverk er majoriteten i Noreg av nordisk/nord-germansk opphav. Men det finst mange andre folkeslag som er norske i Noreg. Samar har status som *urfolk*, medan skogfinnar, kvenar, romanifolk (reisande, tatarar), rom (sigøynarar) og jødar har status som *nasjonale minoritetar*.

Noreg har i tillegg alltid samhandla med andre nasjonar, og lete seg inspirere på område som språk, klede, mat – og tru. Slik er det og i dag. Om det er sterkare i dag, enn før, veit eg ikkje, men vi reiser mykje, og folk frå andre nasjonar og kulturar kjem til oss, anten fordi dei veit at Noreg treng arbeidskraft, eller i eiga naud, som klimaflyktningar, og no som krigsflyktningar frå Ukraina.

Når ulike kulturar lever tett innpå kvarandre over lengre tid, er det i Noreg integrering ein ynskjer.

*Integrering* er at minoritetskulturane vert akseptert og tek del i storsamfunnet, samstundes som dei opprettheld sin kultur, både som gruppe og individ. Dette gjeld samar og jødar, urfolket og nasjonale minoritetar, så vel som flyktningar frå td. Syria, Somalia og Bosnia.

Det finst andre måtar å møte mangfaldet på, men som dei aller fleste ser på som negative og lite ynskjelege. Den eine er *assimilering*, der minoritetane sjølve vél, eller blir tvungne til å ta over majoritetskulturen og gi slipp på den opphavelege kulturen sin. Det fanst og finst røyster i Noreg som vil assimilering, jf fornorskingspolitikken som vart (og blir?) førd mot samane, og dei som krev at innvandrarar må bli norske og like brunost. Men dette er ikkje målsettinga for det norske samfunnet sitt møte med minoritetar. Det er heller ikkje det motsette av assimilering, nemleg *segregering* - at minoritetskulturen og majoritetskulturen er haldne skilde.

Til slutt kan vi nemne *marginalisering*. Det er når grupper og enkeltindivid mister kontakten, eller blir haldne utanfor både minoritets- og majoritetskulturen. Ikke uvanleg i Noreg, verken på gruppe- eller individnivå.

Men det vi vil er altså integrering!

Stikkord er samhandling og respekt, gjerne krydra med ein god porsjon nyfikne. Og ein kan gjerne starte med «*Kva vil du eg skal gjere for deg?*»

Oscar Johan Garnes



## DEN NORSKE KYRKJA

### Kyrkja i Vinje og Rauland

[www.vinje.kyrkja.no](http://www.vinje.kyrkja.no)

#### KYRKJEKONTORET

##### **Kjell Magne Grave, kyrkjeverje**

Tlf. 35 06 25 87 – mob. 481 20 117

E-post: kyrkjeverja@vinje.kommune.no

##### **Reidun Nystog, sekretær**

Tlf. 35 06 25 85 – mob. 992 15 269

E-post: kyrkjekontoret@vinje.kommune.no

#### PREST

##### **Sokneprest i Vinje Tor Eivind Erikstein**

Tlf. 952 37 673

E-post: tor.eivind.erikstein@vinje.kommune.no

#### ORGANISTAR

**Robertas Lamsodis**, mob. 970 97 475

**Vaida Lamsodiene**, mob. 414 58 747

#### KYRKJETENRAR

##### **Vinje og Nesland: Knut Rune Tveiten**

Tlf. 952 02 298

##### **Grungedal: Tone Edland**

Tlf. 959 30 407

##### **Rauland og Øyfjell: Olav Jore**

Tlf. 909 41 722

##### **Møsstrond: Hilde Hovden**

Tlf. 915 92 913

#### PROSTIDIAKON

##### **Eilev Erikstein**

Tlf. 911 13 580

E-post: eilever@online.no

Nettstad: [www.prostidiakon.no](http://www.prostidiakon.no)

##### **"Diakonalgang" - Eilevs podcast**

11 episodar er no tilgjengeleg.

Bruk "diakonalgang" som sökeord, t.d. i Spotify

**Framsideillustrasjon:** Lars Tothammer/kirken.no

**Baksidfoto:** Tornekrona. Foto: Roar K./foto.no.

**Det andre er utsnitt av Henrik Sørensens altarbiletet i Lillestrøm kirke. Foto Kirkerådet-44**

Arbeidet med bladet vart avslutta 10. februar 2023

Redaksjonen av denne utgåva er Åsta Østmoe Kostveit, Hanna Jordstøyl,

Grethe Sørbo Solstad, Tor Eivind Erikstein og Oscar Johan Garnes.

"Kyrkjelyden" sitt bankkontonummer er: 0540 16 91040

# Velkomne til kyrkje!

Den nye gangbrua og tofløya dør inn til Vinje kyrkje, er på plass!

12. februar var det klart for at folk som skulle til messe kunne ta den etterlengta gangbrua i bruk. Den vakre steintrappa var etter kvart særskilt ueigna for folk flest, særleg om vinteren, ofte glatt, med fare for is og takras i tillegg.

Ingen rullestolbruvarar var å sjå denne sundagen, men nokre barnevogner var der. Om dei ville trille heilt inn, så var det mogleg, men dei sette att vognene på den romslege bru.

Tekst og biletet: Oscar Johan Garnes



På biletet til venstre: Ein solkross er blitt eit fint handtak for å opne den elektriske døra. Ei trykkmekanisme til venstre på rekvvaketet for rullestolbruvarar, er og på plass.



## Kirkens SOS lindrar naud og reddar liv heile døgnet

Det er for tida 1100 frivillige som tek telefon og svarar på chat for Kirkens SOS, men ein treng fleire.

Ein kan vere frivillig i Kirkens SOS frå heimekontor via internett eller frå vaktrom på Gvarv eller i Skien.

Som frivillig må ein gjennom eit lærerikt kurs som ein kan følgje via nettet heimafrå, og ein går prøvevakter saman med erfarte fadrarar. *Nytt kurs startar 20. april.*

Som frivillig har to 5 timars vakter pr mnd. på tidspunkt som passer inn i eigen timeplan. Søknad På Kirkens SOS heimesider finn ein søkeradsskjema og meir informasjon om å være frivillig. Å verre med som frivillig i Kirkens SOS er eit samfunnsbidrag, og ein del av kyrkjas omsorgsteneste.

Ta gjerne kontakt med Kirkens SOS Telemark for spørsmål og meir informasjon.

# Heidersgjester på kyrkje jubiléet!

Kyrkja på Møsstrond blei vigsla 27. september i 1923. Dette blir feira 23. og 24. september i år. Det blir nesten "innertier" med omsyn til dato og dag for 100-årsjubiléet.

Det er ingen tvil om kven si kyrkje dette er. Ho tilhører Møsstrond og folket som bur på Møsstrond. Men ho tilhører også - om ikkje i same grad - hyttefolket og turistar som forvitne dukkar opp i kyrkja på messer og kulturtilstellingar. Kyrkja som ein heilskap er eit kunstverk. Og med Sveinung Svalastoga sine måleri i kyrkjecoret er ho ikkje berre eit kunstverk, men også eit vakkert smykke. På same måte som Nidarosdomen i Trondheim er trøndarane sin katedral, er kyrkja på Hovdenøya møsstrendingane sin katedral og vakre gudshus.

Det er dette praktbygget me skal feire i september, møsstrendingar. Me skal feire dette saman med biskopen og prestane som har også denne kyrkja som sin arena og arbeidsplass.

De får med dette eit første varsel om at de er inviterte som heidersgjester til å delta i jubiléet. Det blir to dagar med spennande kulturinnslag og vakker nostalgi.

## Jolegudsteneste i mars?



Den som var innom kyrkjegarden i starten av mars, kunne trur det var noko i munnhellet om at «Jola varer heilt til påske». Men det var berre filminnspeling på

kyrkjegarden og inne i kyrkja.

Filmen er omtalt som ein romantisk jolefilm, og skal visast på ei strømmetenestene til jol i år. Det handlar om ei norsk jente som tek med den indiske kjærasten heim til Rauland for jolefeiring. Ein kan sjå for seg kultur-kollisjon og forviklingar. Tilbakemeldinga frå filmselskapet er at dei var utruleg glade for at dei kunne filme der.



Døypefonten i Møsstrond kyrkje, laga av Sveinung Svalastoga.

Og sjølv sagt vil det bli ein festgudsteneste på sundag. Også denne med litt preg av nostalgi. Ein meir formell invitasjon vil kome seinare. Men sett av dei to dagane i september!

*Med vennleg helsing Torgeir Naustvik-Jortveit  
Leiar av jubileumskomiteén*

Billettpriis 350kr (Vipps/Kontant)

Arr: Rauland Sokneråd & Rauland Folkeakademi

# Samling i solidaritet

«No Boots» på solidaritetsgudsteneste på diakonisamlinga for Vest-Telemark sundag etter påske.



Walk the Line - sokneprest Hallvard Jørgensen og bandleiar Jan Gunnar Haugen med oppsettet for gudstenesta på diakoniens dag på Dalen 16. april

Kring 1980 dukka det opp ein revolusjonerande tanke i Vest-Telemark- kyrkja. Somme leika med tanken om ei diakonstilling for heile prostiet. Ein merkeleg tanke meinte mange. Korleis få til samarbeid i eit så grisgrendt område med så mange kyrkjelydar? Men kloke folk såg bort frå hindringane. Lenge før kommunane hadde noko vidare samarbeid klarte kyrkjelydane det kunststykke å samarbeide. Med kommunal økonomisk støtte. Kanskje fordi ein såg på det heile som eit stort solidaritetsprosjekt?



## «Pilegrimsvottar» til Eilev

Eilev fekk «Pilegrimsvottar» som takk frå «gå-gruppa» i Åmot, enker han går saman med *ein* måndag i månaden. - *Han er ein god kar som er omsorgsfull og går pilegrim*, seier dei om han, difor passa det å gje noko som varmar, skriv Hanna Jordstøyl, som og tok biletet.

Så har det sidan 1985 vore prostidiakon i Vest-Telemark. Prostidiakonen var eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Økonomien var sikra gjennom eit godt samarbeid mellom dei fem kommunane og bispedømerådet. Kommunane med eigne løvvingar, og bispedømerådet som formidla vidare statleg tilskot øvremerkt diakonale stillingar. Seinare, etter at fellesråda kom inn i lovverket i 1996/97, er det dei som har stått for dei lokale løvvingane, henta frå rammetilskota dei får frå kommunane.

Grunnlag for denne diakonale satsinga er altså solidaritet og fellesskap. Slik må feirast! Så ein gong i året slår ein seg saman, møtest over sokne- og kommunegrenser. Dei ti siste åra har samlinga vore lagt til fyrste sundagen etter påske. Slik også i år!

## Diakonisamlinga 2023 Kulturhuset på Dalen 16.april kl.17.

*Det heile startar med gudsteneste kalla «Walk The Line» – ei messe bygd på songar av Johnny Cash og Elvis. Bandet som spelar er «No Boots» med Jan Gunnar Haugen som leiar.*

*Liturg for dagen er sokneprest Halvard Nordbø Jørgensen.*



## Salmekveld i Nesland kyrkje

samla folk som likar å synge. Vegard Omdal, som her blir takka av Ingfrid Solberg, spela på både orgel og trekkspel til salmane. Han fortalte og historier kring si fyrste tid i Nesland. Det blei ein god og triveleg kveld saman.

# Treffe nye folk og få språktrening?

Denne våren blir det språkkafé på Kroa i Åmot. Det er Frivilligsentralen, Vaksenopplæringa, Flyktningenesta og Kyrkja i Vinje som inviterer.

Ein språkkafé er ein møtestad, helse på kvarandre og bli litt betre kjende, og ikkje minst trenre på språk. Målgruppa er flyktingane som treng språktrening ut over det dei får på skulen. Dermed trengs det folk til å prate med. Ein språkkafé er difor òg ein god møtestad. Like aktuell for alle!



Krovert Jorunn Gåsdalen opnar dørene for folk som vil på språkkafé på Kroa i Åmot

Den gode krovert Jorunn Gåsdalen opnar dørene, og det er høve til å få ein kaffi kopp og eit kakestykke. Kake og kaffi er gratis. På Kroa er god plass, også til ungane.

Denne våren er det sett av tre torsdagar. Den første var 23. mars, då Kyrkjelyden var i trykken. Men dei neste kan du vere med på. Torsdag 4. mai kl. 15-17 og torsdag 8 juni kl. 15-17.

Meir informasjon får du hjå Sokneprest Tor Eivind Erikstein, tlf 952 37 673 eller prostidiakon Eilev Erikstein, tlf 911 13 580.

Tekst og biletet: Eilev Erikstein

1. Kvifor feirar vi påske?
2. Jødane òg feirar påske. Kvifor det?
3. Palmesundag er siste søndag før Påskedag. Kvifor heiter det Palmesundag?
4. Korleis kom Jesus seg inn i Jerusalem?
5. Kor mange gonger gol hanen før Peter fornekta Jesus? Og kor mange gonger fornekta Peter?
6. Dei la ei purpurkåpe på Jesus, for å håne han.
  - a) Kva farge er det, og b) kva blir fargen laga av?
7. Kva var andre namnet til Judas?
8. Kva heitte han som folkemengda ville ha fri framfor Jesus?
9. Kva gav dei Jesus å drikke då han hang på krossen?
10. Kva heiter han som ba om den døde kroppen når dei tok Jesus ned frå krossen?
11. Nokre damer skulle til grava tre dagar etter at Jesus var gravlagd. a) Kva hadde dei med seg? b) Kor mange var dei?

## Påskequiz



### Svara finn du her

– på hovudet.

Om du greier meir enn åtte.  
Er du prest?

Om du greier fem til åtte.  
Du fortener påskeegg aleine.

Mindre enn fem? Ring  
soknepresten, og be om  
ekstratime i "bibelkunne" :)

1. Vi feirar påske fordi Jesus død og stod opp. Han tok på seg var skuld, og sigrar over døden.
  2. Jødene feirar påske til minna om flukta fra Egypt, slik det er fortalt om i 2. Mosesbok 12.
  3. Folk hylla Jesus, og vitja med palmesegnatur – Joh. ev 12.13.
  4. Han rei på et utget esel – Joh. ev 12.12.
  5. Hanen gal 2 gonger
  6. Peter formelte Jesus 3 gonger, slik Jesus hadde sagt at han kom til å gjere.
  7. Iskariot
  8. Barabbas - Mark. ev 15.11
  9. Eddik og vin – Joh. ev 19.29
  10. Josef fra Arimathea – Joh. ev 19.38
  11. (a) Dei hadde med angaude olje. (b) og (c) Badde evangelia etter Matteus seier at dei var to,
- Johannes nemner berre Maria Magdalena. Oppsorda er nemnt i siste kapittel i kvar av evangeliene. Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob. Lukas seier dei er likevel kvinne, men nemner dei ikkje ved namn.

# Frå soknepresten si årsmelding for 2022

*Tor Eivind Erikstein  
dreg særleg fram tre  
ting i si melding for  
2022: Konfirmantane,  
samtaler og  
kyrkjelege handlingar.*



## Konfirmantane

I 2022 var det 28 ungdomar som let seg konfirmere i kyrkjene våre. Konfirmantåret starta i januar og inneheldt 60 timer, der halvparten var konfirmantleiren. Resten var samlingar i løpet av 1. halvår og ved deltaking på 8 gudstenester. Konfirmantane var med på ein leir i juni. Då var dei saman med konfirmantar frå heile prostiet. Leiren vara ei veke frå mandag til fredag, på Gjennestad vidaregåande skole i Stokke.



Gjennom deltaking i Fasteaksjonen kvart år, lærer konfirmantane om internasjonal diakon.

Konfirmantarbeidet er del av prostiet sitt konfirmantopplegg, «Ønsket og elsket». Leiinga held til i Seljord og planlegg fellessamlingane og har ansvar for all tilrettelegging ved leiren.

«Ønsket og Elsket» tilbyr og eit leiartreningsprogram med fellessamlingar for dei som ynskjer å bli med vidare, etter konfirmasjonen. Dei er og med som leiarar på konfirmantleirane. Frå Vinje var med 3 konfirmantar i 2022 på denne «vidaregåande» delen av «Ønsket og elsket».

## Mange i gravferder, men fleire på messene

Mykje av kyrkjas arbeid er synleg gjennom gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, som dåp, bryllaup, gravferd, konsertar, kulturveldar, salmekeldar og andre arrangement. Tala for 2022 viser at 8565 personar tok del i det som har skjedd i kyrkjene i 2022.

Det har vore 24 gudstenester i Vinje og Nesland med tilsaman 1428 deltagarar, 22 gudstenester i Grunge sokn med tilsaman 634 deltagarar, 17 gudstenester i Øyfjell sokn med tilsaman 449 deltagarar, 29 gudstenester i Rauland sokn med tilsaman 1709 deltagarar. Tilsaman 4220 har delteke ved gudstenester i kommunen.

Når tala kan variere litt handlar det mellom anna om at det nokre stader har vore særskilde dåpsgudstenester, og at nokre gudstenester har vore fellesgudstenester for sokna.

Det har vore 30 gravferder i Vinje i 2022, med tilsaman 3185 deltagarar. Det har vore 6 bryllaup med tilsaman 435 deltagarar. I tillegg har det vore 725 deltagarar på 15 ulike arrangement, slik som salmekeldar, kulturveldar og konsertar.

## Denviktige praten

Samtaler på tomanns hand synest ikkje på same vis som gudstenester og andre samlingar. Gjennom året viser statistikken at prostidiakonen og prestane tilsaman har hatt 215 samtaler i sokna i Vinje. Då er samtaler i samband med dåp og den første samtalen i samband med gravferd, ikkje rekna inn. Ein har alltid samtale med pårørande før ei gravferd, med brudepar som skal gifte seg og med dei som melder barnet sitt inn til dåp. Når barn er busett utanfor kommunen, skjer samtalen i den kyrkjelyden barnet er busett.



### **Natverd heime eller på institusjon**

Dette er eit tilbod som vert lite nytta, kanskje fordi det

er lite kjent, også hjå dei som arbeider i omsorgssektoren i kommune. Dette er eit tilbod som særleg sjuke, eller andre som av ulike grunnar ikkje kjem til kyrkja, kan spørje presten om. I 2022 var det fire slike nattverdshandlingar, anten heime eller på institusjon. Ein hadde ei nattvergdugsteneste på alle tre institusjonane, i samband med påska.

### **Kyrkja på institusjonane**

Det er tre institusjonar i Vinje. Rauland omsorgssenter, Norheimstunet og Vinje sjukeheim. Kyrkja gjer teneste ved alle institusjonane. Både prest og diakon er innom ved ulike høve, men organistane og soknepresten har faste institusjonsandaktar kvar 14. dag ved kvar institusjon. Det var gjennom året 58 slike institusjonsandaktar.

### **Barnehage, skule og kyrkje**

Det er god kontakt mellom barnehage, skule og kyrkja, men Tor Eivind skriv i si årsmelding at det framleis er arbeid som må gjerast for å få til meir planlagd kontakt. Nokre av skulane har samlingar kring jol. I Øyfjell i kyrkje, og Vinje skule på Vinjehuset, medan Rauland skule har besøk av prest på Luciadagen. I barnehagane har ein jolekrubbevandring, anten i barnehagen, eller ved at borna kjem til kyrkja.

### **Friviljuge**

Å setje tal på den friviljuge innsatsen i kyrkja, er ikkje enkelt, men om lag 60 personar er registrert mellom dei som gjer ein elle anna innsats i det kyrkjelege arbeidet.

Halvparten av desse er folk som sit i dei fire sokneråda og i eitt kyrkjeleg fellesråd. Soknepresten sit som medlem av alle råda. I 2022 var det tilsaman 17 soknerådsmøter og ei felles samling for sokneråda. Fellesrådet hadde 6 møter.



Soknepresten i Grunge samla i Kyrkjestoga i Grunge kyrkje for å arbeide med valet til nye sokneråd denne hausten. Lista skal vere klar til 31. mars. Frå venstre Gerd D. Svalastog, Nora Gardsteig, Ingebjørg N. Bråstøyl, Agnar Bratland og Gudmund Tveito.

I tillegg skjer det mykje anna friviljug arbeid – stelle til kyrkjekaffi, drive sundagsskular i Rauland og Øyfjell, og klubb i Haukeli, skrive og lage til kyrkjelydsbladet, vere kyrkevertar og tekstlesarar i samband med gudstenestene.

### **Tilsette**

Det er 11 tilsette i kyrkja i Vinje, dei fleste på deltid. 4 kyrkjetenarar, 1 kantor, 1 organist, 1 kyrkeverje, 1 kyrkjelydssekretær, 1 diakon og 2 prestar.

Sidan Anne Tempelen slutta i si deltidsstilling som kapellan, har stillinga vore fylt med vikar. No er det klart at Nina Kirkerød (biletet) har sagt ja til jobben som sokneprest for Møsstrond, Rauland og Øyfjell, i tillegg til Høydalsmo og Lårdal i Tokke. Ho tek til rundt St. Hans, og kjem frå stillinga som sokneprest i kyrkjelydane Efteløt, Tuft og Komnes utafor Kongsberg.



# Supertyrsdag

Det er mange høgtidsdagar i kyrkjeåret. Julekveld og påskedag.

Og Pinsedagen med den Heilage Ande.

Min favoritt er likevel tysdag før Palmesundag – Supertyrsdag!

Det er den dagen då trua får bein og gå på, og liv og lære vert eitt.

Av prostidiakon Eilev Erikstein

På ein heilt alminneleg tysdag går 40 000 menneske ut med innsamlingsboksar for Kirkens Nødhjelp. Mange av dei er konfirmantar, men meir og meir vert det ei samla oppgåve for heile kyrkjelyden.



Denne gjengen har du kanskje møtt? Det er konfirmantarne frå Vinje, som er klare til å gå med bøsser. Kor mykje dei samla inn, veit vi ikkje fordi bladet gjekk i trykken ti dagar før Supertyrsdagen. Resultatet stårn i avisar eller på nettet.

Foto: Tor Eivind Erikstein

Sidan 1967 har ein hatt Fasteaksjonen. Berre TV- aksjonen har fleire bøsseberarar. Kirkens Nødhjelp starta med arbeid i det utbomba Tyskland i 1947. Den unge presten Odd Knævelsrød (1917-2011) vart sendt for å hjelpe nordmenn i Tyskland. Fort fann han ut at ein ikkje kunne skilje mellom nordmenn og tyskarar. Dristig og politisk ukorrekt, men diakonalt rett.

Det som gjorde Kirkens Nødhjelp kjend hjå folk flest, var nok Biafra-krigen. Elias Berge (1922- 98) våga det ingen andre hjelpeorganisasjonar våga. Tonn på tonn av mat og medisinar vart floge inn i den delen av Nigeria som kalla seg Biafra. I stupmørke, og under radaren våga flygarane livet. Nauda med bilet av ungar med tomme blikk og store magar skapte eit stort engasjement. I 1970 var krigen, men for mange starta kanskje trongen til å hjelpe med biletta frå Biafra?

**Det blir ikkje pengar  
av gode tankar**

---

Det er den aktive handlinga ved Fasteaksjonen eg likar. Det er ikkje tanken som tel. Det blir

ikkje pengar på bøssa av gode tankar. Difor er det så fint med aktiv handling; gå, banke på og takke. Frå dør til dør, heile roda ut.

Ofte for ein spørsmål om pengane kjem fram. Svaret er at pengane kjem fram! Og om det berre er ein femtilapp som, litt skeptisk, blir putta på boksen, så vert det takka. Ein skal ikkje forakte det som er smått! Bibelboka fortel om ei enkje som gav i det stille. I samanlikninga kom dei skriftlærde därleg ut. Konfirmantar har innsamlinga som ein del av konfirmantopplegget. Kirkens Nødhjelp har lært mange generasjonar ungdom å gå med bøsser. Kirkens Nødhjelp og norske kyrkjelydar kan vere stolte av at dei har halde på denne dør-til-dør aksjonsforma i mange år. Fasteaksjonen er som ein muskel som må trenast. Av og til må trening ut av treningslokalet, og møte verkelege bakkar og motvind.

Eg har ikkje därleg samvit for å utfordre folk til å gje. Å gje og vera raus sikrar folk eit langt liv, las eg her om dagen. Gåvmilde folk lever lengre. Det er godt folkehelsearbeid å be om pengar til Fasteaksjon.

Så er det harde prioriteringar som må gjerast i vårt samfunn framover. Me har mange som

skal hjelpast her heime. Og ikkje minst vil me at folk skal få hjelp der dei bur.  
Kirkens Nødhjelp har spesialisert seg på vatn. Dei veit at i kriser er vatn kritisk i alle lokalsamfunn i verden. Krig og mangel på vatn driv folk på flukt. Men menneske kan aldri anna enn å prøve og overleve. Det lærte eg på ein studietur med Kirkens Nødhjelp til Haiti for nokre år sidan.

Ein hardt prøva kaffibonde sa dette om korleis dei heldt ut trass svelt og naud:

**«Me har eit ordtak her  
på på Haiti .  
Me går og går, til slutt  
vert det ein veg»**



## Håp i ein dråpe vann

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2023, «Håp i ein dråpe vann» var 26.-28. mars 2023. Konfirmantane i Vest-Telemark var ute med bøsser tysdag 28. mars. Du har kanskje hatt ein konfirmant med bøsse på døra? Hvis ikkje, så er det framleis høve til å gi.

Du kan Vippse til 2426,  
eller sende ein SMS til 2426  
Merke meldinga med Vann.  
Bankkontoen er 1594 22 87493


Saman med kyrkjene i Noreg jobbar Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofer, slik som jordskjelvkatastrofen i Tyrkia og Syria, og krigen i Ukraina, men også med lang-siktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman jobbar vi for fred og rettferd, og for å redde liv.

Pengane frå fasteaksjonen går til dette livsviktige arbeidet.

Fotos: Kirkens Nødhjelp



## Bibelsogene for barn på godt nynorsk



Bibelen er full av soger om folk og hendingar fortalte til alle tider. Ein gong rundt bålet, og i teltet, sjølv om vi helst ser for oss ei trufast «sundagsskuletante» med ein flanellograf, eller eit trygt bestemorsfang når soga om Daniel i løvehola vart fortald.

No er bibelsogene tilbake i bokform, på godt og lett nynorsk. Tekstene er skrivne av Alf Kjetil Walgermo med friske teikningar av Anna Fiske. Det meste av det vi gamle minnest som spennande forteljingar, slik som Noahs ark og utferda frå Egypt og Daniel i Løvehola, er med. Men denne barnebibelen skil seg kanskje frå andre barnebiblar med at fleire kvinner er med; smarte dronning Ester, modige Ruth og sentrale augnevittne som Maria Magdalena. Teikningane til Anna Fiske er friske og jordnære, og innbyr til samtale med borna undervegs i lesestunda. Boka er gjeven ut av Samlaget i 2022, og kan kjøpast m.a. i bokhandelen på Vinjesenteret for 349 kr.

## Laurdagstreff for born og foreldre på kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret, som held til i den tidlegare barnehagen ved Vinjar, er staden for føremiddagstreff for born og foreldre nokre laurdagar utover våren, fram til slutten av mai. Det er Nina Svendsen og Anne Ringhus som er leiarar.  
Dei inviterer til song, bibelforteljingar, ulike aktivitetar - og matpause (eiga niste).  
Dei fyrste gongene, 5. og 18. mars, har alt vore. De kan rekke 1. april, 15. april, 29. april, 6. mai og 20. mai. Det klokka 11, og tek sikte på å slutte omlag kl 13. Alle er velkomne!



## Sundagsskulen i Øyfjell

Sundagsskulen i Øyfjell er eit Sundagsskulen er eit tverrkyrkjeleg samarbeid og samlingane er fordela mellom kyrkja og bedehuset på sundagar kl. 11. Her er datoane fram til mai 2023:  
16. april i Kyrkja og 23. april på Trovassli. Denne dagen må du ta med uteklede, for då blir det mykje aktivitet ute.



# BARNAS

## Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøynt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

## Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten helt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?  
Svar: Ruteark

## Vitsar

- Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
- Ja, ei kjøttkake, ei potet og ei ert.


- Eg skal ha to kaffe utan fløte.
- Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



Teikning: Chiara Bertelli

**Fargelegg!**

# Ætt skal fylgja ættarrad...



## Døypte sidan siste kyrkjelydsblad

### Vinje kyrkje

Edvin Szymanski Høgset  
Ragnhild Marie Skjelbred  
Matilde Haukås  
Emil Verpe Søreid  
Lars Erikstein  
Mia Elise Bråstøyl  
Frida Haugo Bjåen

### Grunge kyrkje

Susanne Gardsteig  
Åmot

### Rauland kyrkje

Emil Vaa  
Olav Solbu Haugo  
Sveinung Skolås Svalastoga  
Leah Helen Heibl  
Erik Vaa

### Øyfjell kyrkje

Emil Øygarden  
Gaastjønn



## Ektevigde sidan siste kyrkjelydsblad

### Vinje kyrkje

Vilde Verpe og Ole Søreid

### Mosstrond kyrkje

Camilla Halvorsen og Trond Arne Jensen



## Gravlagde sidan siste kyrkjelydsblad

### Vinje kyrkje

Oddvar Langelid

### Grunge kyrkje

Ambjørg Svalastog  
Oddvar Hamre

### Rauland kyrkje

Odd Lien  
Turid Halvorsen  
Øystein Vaa  
Peter Graasvoll  
Øystein Bakke  
Magnar Skinnarland  
Ågot Storlid  
Jarle Emblemsvåg  
Åsmund Bitubekk

### Øyfjell kyrkje

Magne Aarhus

Fager er jordi, herleg er Guds himmel,  
Glade gjeng sjelene pilgrimsgong.  
Gjenom dei fagre rike paa jordi  
Gjeng me til paradis med song.

Tider skal koma, tider burt skal kverva,  
Ætt skal fylgja ættarrad.  
Aldri skal tagna tonen fraa himlen,  
Sjeli sitt glade pilgrimsvad.

Dette er nynorsk omsetjing av "Deilig er jorden" etter B.S.Ingeman, omsett til nynorsk av Gunnar Torgeirsson Rystad. Salmen står på bokmål, nord- og sørsamisk og kvensk i NoS 2013 - nr 48, men ikkje nynorsk.

**GUDSTENESTER I KYRKJENE I VINJE KOMMUNE**  
**APRIL, MAI, JUNI 2023**

**April**

Sundag 2. april - Palmesundag	Møsstrond kyrkje	12.00
Torsdag 6. april - Skjærtorsdag	Karten Fjellkyrkje Rauland kyrkje Vinje kyrkje	12.00 18.00 18.00
Fredag 7. april - Langfredag	Øyfjell kyrkje	11.00
Sundag 9. april - Påskedag	Rauland kyrkje Vinje kyrkje	11.00 11.00
Måndag 10. april – 2. Påskedag	Grunge kyrkje	18.00
Sundag 23. april	Rauland kyrkje	11.00
Sundag 30. april	Øyfjell kyrkje	11.00

**Mai**

Sundag 7. mai	Vinje kyrkje	11.00
Sundag 14. mai	Arabygdi grendehus	11.00
Onsdag 17. mai	Rauland kyrkje Grunge kyrkje Vinje kyrkje Øyfjell kyrkje	10.00 11.15 12.15 16.00
Sundag 28. mai	Rauland kyrkje	11.00

**Juni**

Sundag 4. juni	Grunge kyrkje	11.00
Sundag 11. juni	Rauland kyrkje Øyfjell kyrkje	11.00 17.00
Sundag 25. juni	Møsstrond kyrkje	12.00

**Konsertar i kyrkjene**

**Rauland kyrkje 5. april kl.18.00**

«Song frå strupe og streng»

med Knut Buen, Ruth Wilhelmine Meyer og Anders Røine

**Grunge kyrkje 18. april kl. 19.00**

«Vårkonsert»

med Røldal Haukeli og Edland musikkorps

**Rauland kyrkje 18. april kl. 18.00**

«Vårkonsert»

**Vinje kyrkje 14. juni - FNs flyktningedag**

Dette er ein dag Øvre Telemark prosti har markert i fleire år.

I år er staden Vinje, med m.a. pilegrimsvandring frå Vinjar til kyrkja


**Ver velkomne til kyrkje!**

Med etterhald om endring! Sjå gudstenestelista i Vest-Telemark blad og heimesida til kyrkja

[www.vinje.kyrkja.no](http://www.vinje.kyrkja.no)

# To påskedikt

av Inger-Dordi Østmo



## Langfredag

En fugl har slått seg ned  
i Tornekronen.  
En fugl  
i tornekronen?

## Faser

Barndom, ungdom,  
voksen alder, alderdom  
og død.  
Her stopper skjemaet.  
Hva kommer nå?

Ingen har kommet tilbake og fortalt  
om en etter-døden-fase.  
Unntatt én. Han sa:  
I min fars hus  
er det mange rom.

